

HERØY
kommune



Til politisk handsaming

Herøyskulen 2023

Kvalitetsmelding for grunnskulen



EI BÅTLENGD FØRE

Innhold

1 Innleiing	3
1.1 Om kvalitetsmeldinga	3
1.2 Samandrag	4
2 Elevar og lærarar	6
2.1 Elevar	6
Elevutvikling siste fem år	6
Elevutvikling Møre barne- og ungdomsskule:	7
2.2 Lærarar og assistentar/fagarbeidarar	9
Lærartettleik	9
3 Utviklingsområde	10
3.1 Nasjonale mål	10
3.2 Lokale mål	10
Lesing – felles system	11
Læringsmiljø	12
Trygge overgangar	13
Betre tverrfagleg samhandling (BTS)	13
4 Resultat	15
4.1 Elevundersøkinga	15
4.2 Mobbing	19
4.3. Nasjonale prøver	12
Resultat på 5.trinn i 2023	23
Resultat 8. trinn 2023	26
Resultat 9. trinn 2023	28
4.4 Sluttresultat i grunnskulen	30
4.5 Gjennomføring av vidaregåande skule	32

1 Innleiing

1.1 Om kvalitetsmeldinga

Kommunane skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultat frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 13-3e i opplæringslova. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal kommunane utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa knytt til læringsresultat, læringsmiljø og fråfall.

For å gjere det lettare å vurdere kvaliteten på opplæringa, har skular og skuleeigarar nokre felles nøkkeltal om læringsmiljø, elevresultat og fråfall/gjennomføring som dei kan ta utgangspunkt i. Tala i seg sjølv kan ikkje fortelje heile sanninga om kva som skjer på ein skule eller i ein kommune. Dei kan gje indikasjonar. Tala må tolkast i lys av lokale tilhøve, som til dømes informasjon om satsingar på skulen, organisering av opplæringa og endringar i elev- og lærarsamansetting.

Eleven sitt læringsutbytte avheng av ei rekke tilhøve blant anna knytt til fysiske rammer, opplæringsaktivitet og menneskelege relasjonar. Ei oppdeling av kvalitetsomgrepet kan derfor bidra til at det er lettare å sjå på opplæringa frå fleire synsvinklar og få breiare forståing for styrker og utfordringar. I arbeidet med kvalitetsvurdering blir analysen lettare når vi deler kvaliteten inn i struktur-, prosess- og resultatkvalitet:

- Strukturkvalitet viser til ytre føresetnader, organisasjon og ressursar.
- Prosesskvalitet handlar om skulen sitt eige arbeid med opplæringa.
- Resultatkvalitet viser til det heilskaplege læringsutbytte for eleven.

I kvalitetsutviklinga i herøyskulen er lokal kompetanseutvikling og lærande profesjonsfellesskap sentrale prinsipp som skal prege skulane sin praksis. Diskusjonar og refleksjonar som skjer på den enkelte skule, er viktige for å kontinuerleg forbetre skulen si verksemd.

Oppvekstleiinga fylgjer kvart år opp skulane sine analysar av all kartlegging, resultat på nasjonale prøver, elevundersøkinga og anna relevant opplysning om læringsresultat, gjennom rapporten for skulebasert vurdering (SBV) som kvar skule leverer i februar. Saman med strategiplanen «Herøyskulen 2023–2028» er SBV med på å danne grunnlaget for kva skulane skal sette ekstra fokus på vidare, og med utviklingsarbeid påfølgjande år.

1.2 Samandrag

Kvalitetsmeldinga for 2023 er ein rapport som gir ei oversikt over det arbeidet som er gjort i skulane knytt til utviklingsmåla i strategidokumentet «Herøyskulen 2023–2028». Strategidokumentet er eit overordna dokument for skuleutvikling i Herøy. Dokumentet kom første gang ut i 2015, med siste revisjon i 2022. Det inneheld felles visjonar og grunnprinsipp for skulane i Herøy, pedagogiske satsingsområde, fokus på godt elevmiljø og døme på faktorar som støttar læring. Skulane sine utviklingsmål i arbeidet mot meir læring tek utgangspunkt i dei felles overordna måla i strategidokumentet.

Kvalitetsmeldinga dreiar seg i hovudsak om læringsmiljø og læringsresultat særleg knytte til lesing og grunnlag for gjennomføring i vidaregåande skule. Rapporten er eit sentralt element i høve det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for grunnskulen. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, det vil seie kommunestyret. Det som handlar om resultat og tabellar i rapporten, er utarbeidd med bakgrunn i viktige opplysningar og fakta henta frå statistikkportalen til Utdanningsdirektoratet, og Grunnskulens Informasjonssystem. Vi nyttar framleis resultatata frå UngData 2022.

Leseplanen vart lansert våren 2023 og vi jobbar vidare med å implementere den nye planen. Arbeid med språkutvikling og lesekompetanse er eit langsiktig og krevjande arbeid. Vi må sikre fagkompetanse samstundes som vi er bevisste på at alle lærarar er leseleiarar. God lesekompetanse er nøkkelen til meistring i skulen og livsmeistring. Det er også viktig at undervisninga er variert og tilpassa alle elevar. Arbeidet med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis (KOSIP) vil vi forvente styrkar dette ytterlegare framover.

Det finst også barn, unge og familiar vi er urolige for i Herøy kommune. Vi arbeider med betre tverrfagleg samhandling (BTS), noko som skal kome alle til gode når det gjeld ulike utfordringar. Arbeidet med BTS har gått føre seg over snart tre år. Føremålet med arbeidet er å kome tidleg inn med rett tiltak når utfordringar vert avdekte. Vi har bygd opp både ein samhandlingsmodell og ein handlingsretteleiar som er i implementeringsfasen. Samhandling krev at vi blir kjent med kvarandre på laget rundt barnet. Kommunikasjon, tillit og felles forståing er viktige faktorar vi jobbar med. Kartlegginga når det gjeld kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er og fletta saman med BTS. Det betyr at vi held fram med kompetansehevande tiltak etter ein planlagt strategi i overlappende felt mellom BTS og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis (KOSIP).

Elevundersøkinga fortel for 2023, som for tidlegare år, at elevane har god trivsel. Vi ser at det er ein liten auke i mobbing, men samanlikna med landet og fylket ligg vi så langt under at det framleis er kalla lite mobbing. Elevane sitt læringsmiljø har stor merksemd i skulane våre. I denne samanhengen vil vi peike på at herøyskulen vart kåra til den åttande beste på skuledrift i landet i Kommunebarometeret 2023. Det er særleg områda trivsel, lite mobbing, i tillegg til kompetanse hos tilsette som bidreg til denne plasseringa. Grunnskulen i Herøy bidreg med 20 prosent av kommunen sin totale skår i denne statistikken.

Samarbeid i sektoren med avdeling for barnehage, kulturskule, kulturavdeling og kvalifiseringssenteret er særst viktig for heilskapen i tilbodet grunnskuleelevane våre får. Det gjeld både i skuletida og på fritida. Foreldra spelar ei viktig rolle både som ressurspersonar i læringsprosessar og som barnet sine sosioemosjonelle støttespelarar. Dei er difor ein viktig del av det totale læringsmiljøet til barnet. Fordi foreldra har ei sentral rolle i livet til barnet sitt til langt opp i ungdomsåra, ser vi det som sannsynleg at foreldre kan påverke engasjementet for skule både i positiv og negativ retning. Foreldra er viktige medspelarar i læringsarbeidet. Det er nødvendig at foreldra er bevisste på rolla dei har i arbeidet med danning og utdanning av barn og unge.

Fagleg kunnskap er viktig og vil alltid ha eit sterkt fokus. Men det er også viktig å understreke at kunnskapen som vert framstilt i tal og tabellar, berre er ein del av den kompetansen vi legg vekt på at elevane skal tileigne seg. Dei skal også tileigne seg mykje kunnskap som vanskeleg kan målast.

I formålsparagrafen i opplæringslova står det at vi skal bygge kompetanse for livet gjennom utdanning og danning. Dette finn vi også igjen i strategien for herøyskulen og i overordna del i læreplanverket.

2 Elevar og lærarar

2.1 Elevar

Tal er henta frå Grunnskulens Informasjonssystem (GSI) per 1. oktober 2023. Dei viser at vi då hadde 938 elevar totalt i den offentlege skulen i Herøy. Elevane for-
deler seg slik på skulane:

Eining	Tal på elevar
Bergsøy	272
Einedalen	177
Leikanger	33
Moltu	37
Nerlandsøy	72
Stokksund	106
Ytre Herøy ungdomsskule	241

I tillegg kjem Møre barne- og ungdomsskule med 148 elevar, der 114 av dei har bustadadresse i Herøy. 104 av desse igjen har adresse Gurskøy, Tjørvåg eller Moltustranda.


Elevutvikling siste fem år:

2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
1007	971	942	955	938

Elevutvikling Møre barne- og ungdomsskule:

2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
151	155	152	155	148

Elevtalet i den offentlege skulen i Herøy har gått sakte nedover siste åra. Det er stort sett noko nedgang i alle krinsar, men størst har nedgangen vore i indre del av kommunen. Mykje av nedgangen skuldast nok at mange elevar har valt å byrje på Møre barne- og ungdomsskule, då det blir eit naturleg val for dei som bur i området Myrvåg/Dragsund. Vi ser også at barnekulla i krinsane Moltu, Stokksund (Tjørnvåg-delen) og Leikanger har vore veldig små dei siste åra.





2.2 Lærarar og assistentar/fagarbeidarar

For skuleåret 2023–24 er det tilsett 105 lærarar. Dette utgjer cirka 94,9 årsverk. I tillegg har vi tilsett 62 assistentar/fagarbeidarar som totalt utgjer cirka 27,4 årsverk, og to sosialpedagogiske rådgjevarar i til saman 120 prosents stilling.

Lærartettleik

Lærartettleik er definert som forholdet mellom det totale talet på elevtimar og det totale talet på lærartimar. Lærartettleiken vert rekna ved å dele elevtimar på lærartimar i ordinær undervisning. Timar til spesialundervisning og undervisning i særskilt språkopplæring er ikkje rekna med.

I norm for lærartettleik (lærarnorma) er det lærartettleik i ordinær undervisning som blir nytta. Norm for lærartettleik seier at det skal være maksimalt 15 elevar per lærar på 1.–4.trinn og maksimalt 20 elevar per lærar på 5.–10.trinn. Norm for lærartettleik gjeld berre for offentlege skular.

Tabellen viser tal på elevar per lærar pr. 1 oktober 2023 (GSI) i ordinær undervisning

Eining	1.–4. trinn	5.–7. trinn	8.–10. trinn
Bergsøy	14,92	19,56	
Einedalen	14,12	19,07	
Leikanger	7,5	8,99	
Moltu	9,64	6,69	
Nerlandsøy	13,42	12,43	
Stokksund barne- og ungdomsskule	9,31	12,53	15,18
Ytre Herøy ungdomsskule			17,90

3 Utviklingsområde

3.1 Nasjonale mål

«Skule og vidaregåande opplæring skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet nødvendige forutsetningar for framtidig velferd, verdiskaping og berekraftig utvikling. Alle elevar skal oppnå grunnleggande dugleikar og oppleve meistring og utfordringar.»

[Sitatet over er henta frå regjeringen.no](#). Kunnskapsdepartementet har sett desse måla for grunnopplæringa:

- Alle barn skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge, som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikle sitt potensiale.
- Dei tilsette skal ha høg kompetanse.
- Alle skal lukkast i opplæringa og utdanninga si.

3.2 Lokale mål

Strategiplanen for herøyskulen (2023–2028) byggjer på kommunen sin samfunnsplan og tek elles utgangspunkt i overordna nasjonale styringsdokument. Samtidig viser planen ei klar retning for arbeidet i skulane våre, på dei områda der vi ser størst behov for å rette innsatsen no og dei næraste åra.

Strategiplanen har desse målsettingane for arbeidet i skulane:

- Alle elevar skal ha dei beste føresetnader for å lære i eit trygt og godt læringsmiljø.
- Vi skal trygge overgangane mellom barnehage og skule, mellom 4. og 5. trinn, mellom 7. og 8. trinn og mellom 10. trinn og Vg1.
- Vi skal jobbe for auka lesedugleik for alle elevar.
- Vi skal jobbe for å betre resultatata ved nasjonale prøver, med særleg fokus på lesing i 5. trinn.
- Vi skal styrke heile organisasjonen ved å utvikle eit felles system for språkutvikling, begynnaropplæring og lesing som grunnleggande dugleik for barnehage og grunnskule.
- Auka grad av gjennomføring i vidaregåande skule som resultat av tidleg innsats og auka kompetanse i grunnskulen

Skulane skal kvart år utarbeide utviklingsplanar med utgangspunkt i dei overordna strategiske måla for herøyskulen.

Lesing – felles system

Herøyskulen har hatt lesing som sitt viktigaste satsingsområde i perioden 2020–2023. Bakgrunn for satsinga er svake resultat i lesing på dei nasjonale prøvene for 5.trinn, fleire år på rad.

Saman med kommunane Sande og Ulstein har vi utarbeidd ein felles digital leseplan. Leseplanen vart teken i bruk ved skulestart hausten 2023. Inneverande år arbeider vi med å implementere den nye felles leseplanen.

Leseplanen skal vere ein reiskap for lærarar i alle fag gjennom heile grunnskulen. Planen skal bidra til eit betre og meir systematisk arbeid med språkstimulering og leseopplæring.

Våren 2023 hadde vi ferdig vidareutdanna lærarspesialist i begynnaropplæring. Ho har leia nettverk for lærarane på 1. og 2. trinn. Nettverket har fokus på felles kompetanse og praksis når det gjeld den første opplæringa i lesing, skriving, rekning og munnlege dugleikar. Nettverket skal vere ei fast organisering for kompetanseheving, deling og sikring av god felles praksis for arbeidet i dei yngste klassane.

Arbeidet med å nå dei overordna måla for språkutvikling og lesing er knytt saman med dei nasjonale satsingane på desentralisert kompetanseutvikling (De-Komp) – i samarbeid med Høgskulen i Volda, Lesesenteret i Stavanger og kommunane Sande og Ulstein.

Barnehagane er ein del av regional ordning for barnehagebasert kompetanseutvikling (Re-Komp), som er ei felles kompetansesatsing for pedagogar og leiing i barnehagen. Vi ser denne ordninga i tett samanheng med satsinga i skulen. I fortsettinga vil lesesatsinga bli vidareutvikla for å bygge nye system for overgangar mellom barnehage og skule, mellom anna med å inkludere eit fellessopplegg for førskulegruppa i barnehagen.

Læringsmiljø

Eit godt læringsmiljø er ein lovfesta, grunnleggjande rett for alle elevar (jamfør opplæringslova kapittel 9A). Læringsmiljø er ferskvare og det krev kontinuerleg fokus på klasseleiing, elevmedverknad, undervegsvurderingar og relasjonsbygging. Det kjenneteiknast av eit fysisk og psykososialt miljø som fremjar læring, helse og trivsel.

Læringsmiljø og relasjonsbygging har vore eit tema for skulane i Herøy over fleire år. Dette er eit tema som vi ikkje vert ferdig med, men som skulane må innarbeide som ein naturleg del av sin praksis.

Ingen barn kan lære godt dersom dei kjenner seg utrygge, ekskluderte eller ikkje blir sett. Det er ein sterk samanheng mellom sosial tilhøyrslø og det faglege læringsutbyttet i skulen. Arbeidet med å fremje trivsel i skulen er derfor ikkje berre viktig for å motverke mobbing, åtferdsproblem og einsemd. Trivsel fremjar også fagleg læring.

Kjerneelement i eit godt læringsmiljø er at

- barna har venner
- det er tillit mellom lærar og elev
- samarbeidet mellom skule og heim er prega av felles forståing for barnet sitt beste

Undervisninga og det som skjer i klasserommet er også viktig for læringsmiljøet. Læraren må utvise tydeleg klasseleiing, ha god struktur og uttrykke hensiktsmessige forventningar og tilbakemeldingar til elevane si utvikling. Forsking på området skulemiljø/læringsmiljø legg stor vekt på skulen og kommunen sine evner til å tenke heilskap og sjå elevane som ein del av noko større. Det er derfor lagt vekt på elevmedverknad og foreldresamarbeid som sentralt for å bygge trygge læringsmiljø.

Eit systematisk arbeid er avgjerande for å skape eit trygt og godt skulemiljø. For å fange opp elevar som føler seg utanfor er det lagt vekt på systematisk kartlegging av relasjonar mellom vaksen/elev og elev/elev.

Arbeidet med læringsmiljø inneber også arbeidet mot mobbing og krenkingar. Det har vore gjort mykje arbeid med tema på den einskilde skule. Skulane sine

innsatsteam mot mobbing (SIM) har personar med god kompetanse og kunnskap om mobbing og om lovverket. I 2022 blei det utarbeidd ein felles plan for læringsmiljø i skulane, med råd om førebyggjande tiltak, rettleiing og tips til lærarar som står i aktive saker. Denne planen skal vere ein nyttig reiskap for skulen og den einskilde læraren.

Samarbeid mellom heim og skule er også vesentleg for at skulen skal lykkast i arbeidet med eit inkluderande læringsmiljø. Skulen treng foreldre som kan bidra inn i skulen og som kan støtte elevane og skulen i læringsarbeidet. Dette gjeld ikkje minst i arbeidet mot mobbing og utrygge skulemiljø. Foreldreskulen som har starta opp i Herøy har som føremål å styrke samarbeidet med heimane, støtte foreldra i deira rolle og auke kompetansen om skulane sine oppgåver.

Trygge overgangar

Overgangen mellom barnehage og skule/SFO, og mellom ulike trinn i skulen, kan vere krevjande for barnet. Ein trygg overgang kan vere avgjerande for dei med særskilde opplæringsbehov. Særleg er overgangen frå barnehage til skule viktig. Det er viktig at barnehagen veit kva som er forventa av eit barn når det startar på skule. Og det er viktig at skulen veit kva barnet kan når det kjem frå barnehagen. Det er også viktig at foreldra veit kva som er forventa av barnet på dei ulike nivåa, slik at dei kan vere med og støtte barnet og skulen i eit opplæringsløp.

Planen for å sikre gode overgangsrutinar i Herøy blei revidert i 2022. Utviklingsarbeid innan språk (barnehage) og lesing (skule) og plan for overgangsrutinar skal tydeleggjere kva som er forventa av kompetanse ved dei ulike overgangane. Språkutvikling og lesing heng saman og er grunnleggjande for utvikling og læring, både sosialt og fagleg i barnehagen og gjennom heile skuleløpet.

Betre tverrfagleg samhandling (BTS)

Herøy kommune arbeider med betre tverrfagleg samhandling (BTS) inn mot barn, unge og familiar vi er urolege for. Arbeidet med BTS har gått føre seg over snart tre år. Føremålet med arbeidet er å kome tidleg inn med rett tiltak når utfordringar vert avdekte.

Samhandlingsmodellen i BTS inneheld informasjon om korleis systemet og hjelpeapparatet i kommunen er bygd opp. Det er også utarbeidd ein handlingsrettleiing, som gir ein felles systematikk for korleis tilsette skal gå fram når dei er

uroa for eit barn, og korleis innsatsen skal samordnast. Den inneheld ulike verktøy og ressursar som skal vere til hjelp i situasjonen.

Våren 2022 blei det gjennomført ei undersøking der vi kartla kommunens samhandling, kompetanse og tilbod knytt til tidleg identifikasjon og oppfølging av utsette barn. Undersøkinga gjekk til alle tenester som jobbar med barn, unge og føre-sette. På bakgrunn av kartlegginga har det vore gjennomført ulike tverrfaglege kompetansehevingar.

Skuleåret 2022/2023 gjennomførte Herøy kommune ei stor digital undersøking av dei tilsette si kompetanse og opplevde kompetansebehov innafor spesialpedagogikk og inkluderande praksis (KOSIP).

Samla gir desse undersøkingane oss eit godt bilete av kommunen sin samla kompetanse knytt til tema, og grunnlag for å auke den tverrfaglege kompetanse. Dette kan på sikt bidra til betre tverrfagleg samarbeid og samhandling.

Herøy kommune samarbeider med resten av sju-stjerna og Høgskulen i Volda om kompetansetiltak for tilsette innafor «kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Denne kompetansesatsinga vil for komande år verte knytt tett saman med Desentralisert kompetanseordning for skular og Regional kompetanseordning for barnehagar.

Prosjektperioden for BTS nærmar seg slutten, og arbeidet går inn i ein ny fase. Det betyr ikkje at BTS er ferdig implementert eller tilstrekkeleg kjent i alle ledd. Vi veit at implementeringsarbeid tek tid. For å sikre varige strukturar må vi leggje ansvar i linja. Forsking på korleis ein skal lykkast med implementering viser at støtte frå leiinga er ein av dei mest sentrale faktorane.



Strategisk styringsgruppe har gjennom sitt mandat ansvar for å følge opp å evaluere tiltak som vert sett i verk på tvers av sektorar. Strategisk styringsgruppe består av kommunalsjef for kultur og oppvekst, kommunalsjef for helse og omsorg, avdelingsleiar for barn, familie og helse og avdelingsleiar for barnehage. Vidare vil tverrfagleg faggruppe har ei sentral rolle i å leie implementeringsarbeidet. Kommunen si tverrfaglege faggruppe består av mellomleiarar frå ulike avdelingar som jobbar med barn, unge og deira familiar.

4 Resultat


4.1 Elevundersøkinga

Svarprosent i elevundersøkinga er 85 prosent på 7. trinn og 89 prosent på 10. trinn.


Elevundersøkinga er nettbasert og frivillig, og det er ikkje mogleg å svare anna enn svaralternativa. Nokre elevar fullfører undersøkinga utan å svare på alle spørsmåla. Dersom ein elev ikkje har svart på alle spørsmåla til ein indikator, tel ikkje svara til denne eleven med i indikatoren. På denne måten vil elevundersøkinga berre gje oss ei skisse på tilstanden, ikkje eit fullstendig bilete.

Lokale mål: Auka leseglede og motivasjon for lesing

Elevundersøkelsen – Alle indikatorer – 10. årstrinn



Elevundersøkelsen – Alle indikatorer – 7. årstrinn



Kommentar til Elevundersøkinga

Samla sett har vi gode resultat i Elevundersøkinga både for 7. og 10.trinn, samanlikna med landet elles. Elevane opplever jamt over at lærarane bryr seg, og at dei får den hjelpa dei treng i klasserommet.

7. trinn kjem særleg godt ut på temaet støtte frå lærar. Dette er svært positivt. Elevane verkar å få god informasjon om kva reglar som gjeld, og svara tyder på at dei vaksne er samkøyrde i reglar og reaksjonar. Undersøkinga viser ein liten nedgang i elevar som opplever støtte heimanfrå.

Resultatet på 10. trinn er meir i tråd med det nasjonale resultatet enn på 7. trinn. For 10. trinn har vi høg skår også på fagleg utfordring: 4,3.

Område vi ser vi må arbeide spesielt med er meistring, motivasjon og vurdering for læring. Dette er indikatorar som kan ha samanheng med undervisninga som skjer i klasserommet. Det er viktig at undervisninga er variert og tilpassa alle elevar.

4.2 Mobbing

Lokale mål:
Herøy kommune har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulane skal førebygge brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane (Opplæringslova § 9A-3).

Mobbing i skulen - alle indikatorar - 7. årstrinn		
Spørsmål	Herøy kommune (eigar)	Heile landet
Mobbing på skulen	3,1 %	12,8 %
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	**	10,7
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadane	**	4,7 %
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	**	2,4 %

Mobbing i skulen - alle indikatorar -10. årstrinn		
Spørsmål	Herøy kommune (eigar)	Heile landet
Mobbing på skulen	7,7 %	11,0 %
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	6,6 %	8,0
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadane	**	4,6 %
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	**	4,9 %

** Resultat er skjerna fordi tala er så låge i ei gruppe, klasse eller skule at dei kan identifiserast.



I Elevundersøkinga 2023 er det 3,1 prosent av elevane på 7. trinn som har svara at dei i ei eller anna form har blitt utsette for mobbing. For 10.trinn er tilsvarande tal 7,7 prosent.

Dette viser til eit samletal for mobbing, kalla «mobbing på skulen» og omfattar alle elevar som svarer at dei i ein eller annan kombinasjon er mobba av med-elevar, digitalt mobba av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skulen. Det er strenge skjermingsreglar i Utdanningsdirektoratet (Udir) sin statistikkbank. Når resultat er skjerna, er det fordi tala er så låge i ei gruppe, klasse eller skule at dei kan identifiserast. At Udir skjermar tal, inneber at tala blir fjerna frå tabellen og erstatta med stjerne.

Nasjonale tal frå Elevundersøkinga viser at [det har vore ein markant auke i talet på elevar som opplever mobbing dei siste to åra](#). Mobbetala er høgare enn vanleg også i Herøy, men framleis langt under snittet for landet elles, som er 13 prosent på 7. trinn og 11 prosent på 10. trinn.

Årsaka til auken er truleg samansett, og ligg både i og utanfor skulen, eller i ein kombinasjon av fritid og skule. Arbeid med skulemiljø er ferskvare. Skulane må kontinuerleg halde elevmiljøet under oppsikt, gripe inn og sette inn tiltak for å forhindre at episodar utviklar seg til mobbing og trakassering. Vi må spele på lag både med foreldre og på tvers av fagavdelingar.

Færre elevar enn ved førre undersøking opplever å ha god støtte heimanfrå. Det er verdt å merke seg, sjølv om det er vanskeleg å seie sikkert kva som ligg bak desse tala. Foreldre er ein viktig ressurs i skulesamanheng, og deira haldning til skulen har mykje å seie for elevane sitt engasjement og innsatsen deira på skulen.

Forsking på området viser at det å ha eit nært samarbeid med alle foreldre vil heve kvaliteten på læringsmiljøet generelt, og bidra til auka læringsutbytte for den enkelte elev.

4.3. Nasjonale prøver

Lokale mål for nasjonale prøver 5., 8., og 9. trinn:

Det overordna målet for nasjonale prøver er at kommunen sitt samla resultat skal ligge på same nivå som forventna nasjonalt snitt, som er:

5.trinn: 50 skalapoeng

8.trinn:

9.trinn:

Føremålet med nasjonale prøver er å gi skulen kunnskap om elevane sine grunnleggjande dugleikar i lesing, rekning og engelsk. Informasjon frå prøvene skal danne grunnlag for kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet.

Dei nasjonale prøvene blir gjennomførte på 5., 8. og 9. trinn. Prøvene er elektroniske, og dei består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. Det er både lette og vanskelege oppgåver, og oppgåver på tvers av fag. Prøvene har også nokre svært vanskelege oppgåver som dei aller sterkaste kan bryne seg på.

På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal. På fleirvalsoppgåver skal elevane velje eitt av fleire alternativ. Det er veldig få elevar som får alt rett på prøva. På prøvene i lesing skal elevane kunne

1. å finne informasjon
2. å tolke og reflektere
3. å reflektere over og vurdere form og innhald i teksta

Utvalet av tekster som inngår i prøvene er basert på det tekstmangfaldet som det er forventna at elevane er vane med. Når elevane våre skårar lågt, er det eit signal om at dei har svak måloppnåing når det gjeld dei tre kriteria sett i forhold til det som er forventna.

I 2022 blei innhaldet i dei nasjonale prøvene endra for å gjenspegle dei nye læreplanane. Samtidig blei målinga av utviklinga over tid starta på nytt. Det betyr at resultatata frå 2022 og 2023 og seinare ikkje kan direkte samanliknast med tidlegare år. Først når vi har resultat frå fleire årgangar vil vi kunne skilje trendar frå normale årlege svingingar.

Resultat på 5.trinn i 2023

Eit samla resultat for kommunen er eit snitt frå alle skulane i kommunen. Nokre dreg snittet opp og andre ned, ofte fordi talet på elevar på trinnet er med på å påverke snittet på ein skule.

Fordelinga av elevar på meistringsnivå viser at det i år er fleire elevar som presterer på det høgste meistringsnivået (nivå 3) i både lesing og engelsk enn i fjor.

Snittresultatet for kommunen er likt med nasjonalt nivå på fagområdet engelsk. Vi har færre elevar på det lågaste meistringsnivået (nivå 1) i engelsk, samanlikna med landet elles. Vi meiner at elevane lærer mykje engelsk gjennom digitale spel og sosiale medium. Denne læringa, i kombinasjon med opplæringa i klasserommet, gir gode resultat.

I Herøy har vi hatt særleg fokus på lesing siste åra, fordi resultatet i lesing har vore dårleg over tid. Dette er også bakgrunn for at det har blitt utarbeidd ein felles digital leseplan. Inneverande år arbeider vi med å implementere den nye leseplanen. God lesekompetanse er nøkkelen til meistring i skulen og livsmeistring.

Ved analyse av resultatata ute i skulane kjem det fram at skulane opplever leseplanen som god. I lesing skjer det relativt små endringar i fordelinga av elevar på dei tre meistringsnivåa samanlikna med i fjor, men endringane er i positiv retning. Det er framleis fleire elevar på meistringsnivå 1 i lesing, samanlikna med snittet for landet (8 prosent skilnad). Vi har også færre elevar på nivå 3. I lesesatsinga må vil følgje med på utviklinga og analysere nærmare når det gjeld oppgåvetypar på gruppe- og individnivå.

Vi må også følgje med på utviklinga i rekneferdigheiter. På 5.trinn er 40 prosent av elevane på lågaste meistringsnivå. Vi har samtidig få elevar på nivå 3 samanlikna med snittet for heile landet (15 prosent i Herøy og 24 prosent i landet).

Snitt skalapoeng Herøy kommune samanlikna med snitt nasjonalt:

	Engelsk	Lesing	Rekning
Herøy	50	47	47
Heile landet	50	50	50

Prosentvis fordeling av resulta etter meistringsnivå, 5. trinn

Meistringsfordeling 5. trinn:

	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3
Engelsk	21,6 %	54,1 %	24,3 %
Lesing	33,8 %	47,9 %	18,3 %
Rekning	40,8 %	43,7 %	15,5 %



Samanlikning i prosent av 5.trinn 2022 og 2023:

Engelsk	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
2022	30,8	50,5	18,8
2023	21,6	54,1	24,3
Utvikling	- 9,2 (positivt)	+ 3,6	+ 5,5 (positivt)

Kommentar: Årets kull på 5.trinn har eit klart betre resultat i engelsk enn kullet i fjor.

Lesing	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
2022	36,3	49,5	14,3
2023	33,8	47,9	18,3
Utvikling	- 2,5 (positivt)	- 1,6	+ 4 (positivt)

Kommentar: Årets kull på 5.trinn har eit litt betre resultat enn kullet i fjor på alle nivå.

Rekning	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
2022	31,2	47,3	21,5
2023	40,8	43,7	15,5
Utvikling	+ 9,6 (negativt)	- 3,6	- 6 (negativt)

Kommentar: Årets kull på 5. trinn har eit klart svakare resultat i rekning enn kullet i fjor på alle nivå.

Resultat 8. trinn 2023

Resultatet for 8.trinn er eit stykke frå det nasjonale resultatet for lesing på nivå 4 og 5, som er dei høgste nivåa. Det er gledeleg å sjå at vi har svært få på nivå 1 i engelsk. Her har vi langt fleire på nivå 3 samanlikna med landssnittet.

Snitt skalapoeng Herøy kommune samanlikna med snitt nasjonalt:

	Engelsk	Lesing	Rekning
Herøy	51	49	49
Heile landet	50	49	49

Meistringsfordeling 8. trinn:

	Meistrings-nivå 1	Meistrings-nivå 2	Meistrings-nivå 3	Meistrings-nivå 4	Meistrings-nivå 5
Engelsk	4,6 %	16,1 %	49,4 %	19,5 %	10,3 %
Lesing	10,3 %	25,3 %	41,4 %	17,2 %	5,7 %
Rekning	11,4 %	22,7 %	36,4 %	21,6 %	8,0 %

Samanlikning i prosent av 8.trinn 2022 og 2023:

Engelsk	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2022	10,1	19,1	47,2	16,9	6,7
2023	4,6	16,1	49,4	19,5	10,3
Utvikling	- 5,5 (positivt)	-3	+ 2,2 (positivt)	+ 2,6 (positivt)	+ 3,6(positivt)

Kommentar: Årets kull på 8. trinn har eit klart betre resultat i engelsk enn kullet i fjor.

Lesing	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2022	11,0	25,3	37,4	17,6	8,8
2023	10,3	25,3	41,4	17,2	5,7
Utvikling	-1,3 (positivt)	Uendra	+4	-0,4	-3,1 (negativt)

Kommentar: Årets kull på 8. trinn har færre elevar på nivå 1 enn i fjor. Vi har ein auke av elevar som har flytta seg over i nivå 3, samtidig som det er færre elevar på nivå 4 og 5.

Rekning	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2022	9,7	22,6	44,1	17,2	6,5
2023	11,4	22,7	36,4	21,6	8,0
Utvikling	+1,7 (negativt)	-0,1	-7,7	+4,4 (positivt)	+1,5 (positivt)

Kommentar: Årets kull på 8. trinn har fleire elevar på nivå 1 ein trinnet i fjor. Det er samtidig fleire elevar både på nivå 4 og 5, noko som er ein positiv framgang.

Resultat 9. trinn 2023

På 9. trinn blir elevane målte berre i lesing og rekning på nasjonale prøver. Prøvene er dei same som for 8. trinn, for å måle nøyaktig framgang. Det er derfor forventa å sjå ein framgang hos elevane på 4 skalapoeng, som tilseier eitt år med læring.

Analysen av resultatet på trinnet si utvikling viser at elevane har hatt eit års framgang frå 8. til 9. trinn. Årets 9. trinn ligg likt med nasjonalt snitt i lesing, og tett opp til nasjonalt snitt i rekning.

Snitt skalapoeng Herøy kommune samanlikna med snitt nasjonalt:

	Lesing	Rekning
Herøy	53	53
Heile landet	53	54

Prosentvis fordeling av resultat etter nivå:

	Indeks	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Heile landet	Lesing	8%	14%	32%	26%	21%
	Rekning	6%	13%	33%	27%	21%
Herøy	Lesing	8%	13%	37%	21%	20%
	Rekning	7%	17%	36%	20%	20%

Kommentar: Ser ein på samla resultat for nivå 3+4+5, så ligg Herøy kommune nokså likt med landsgjennomsnittet.

Samanlikning i prosent av 8.trinn og 9.trinn i 2023:

Lesing	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2022	10,3	25,3	41,4	17,2	5,7
2023	8	13	33	27	21
Utvikling 22-23	-2,3 (positivt)	-12,3	- 8,4	+ 9,8 (positivt)	+ 15,3 (positivt)

Rekning	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2022	11,4	22,7	36,4	21,6	8
2023	7	17	36	20	20
Utvikling 22-23	- 2,3 (positivt)	-5,7	-0,4	-1,6	+12 (positivt)

Resultat i nasjonale prøver på 9. trinn måler kva elevane har fått med seg etter at dei starta på ungdomsskulen. Vi ser som regel ein framgang hos elevane når dei kjem til 9. trinn. Dette trur vi har samanheng med ei rekke faktorar som til dømes modning, større læringstrykk, meir prøver, måling med karakterar og tydelege forventningar til elevane. Årets 9. trinn har god framgang i læringsresultat på nasjonale prøver samla sett, samanlikna med resultatet deira i fjor på 8. trinn.

Dersom vi ser på resultatet for eit spesifikt trinn frå dei er 5. klassingar og fram til dei går ut av grunnskulen, kan vi sjå at resultatata heng ved dei heile grunnskule-tida. Ifølge forskning kan eit auka læringstrykk på 1.-4. trinn vere med å auke kompetansen til elevane når dei kjem på ungdomsskulen, og ha ein positiv effekt på gjennomføring i vidaregåande skule.

[Klikk her for å sjå analysen av resultatata frå nasjonale prøver på 5. trinn nasjonalt i 2023.](#)

[Klikk her for å sjå analysen av resultatata frå nasjonale prøver på 8. og 9. trinn nasjonalt i 2023.](#)

4.4 Sluttresultat i grunnskulen

Lokale mål:

Vi måler grunnskulepoenga opp mot det nasjonale nivået, og har som mål å ligge på eller over det nasjonale snittet.

Grunnskulepoeng	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023
Snitt på 10. trinn	41,1	43,3	41,8	45,7	41,7
Nasjonalt snitt	41,9	43,1	43,2	43,2	42,3

Kommentar til sluttresultat

I 2020 og 2021 var eksamen avlyst på grunn av pandemien. Grunnskulepoenga for desse to åra er derfor utrekna berre på grunnlag av standpunktkarakterar. Dette gjeld heile landet.

Fokus på praktisk opplæring i teorifaga, utplassering i arbeidslivet, valfag i friluftsliv og god kapasitet på arbeidslivsfag stimulerer trivselen. Dette gjeld særleg gutane, som viser ein tydeleg trend med betring i karaktersnittet over dei siste fem–seks åra. Gutane ligg no jamt med eit snitt på rundt 40 grunnskulepoeng, mot rundt 35 for sju–åtte år sidan og lengre tilbake.



4.5 Gjennomføring av vidaregåande skule

Aldri har fleire gjennomført vidaregåande opplæring. Fullført vidaregåande opplæring er her definert som prosentdelen som har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse innan fem (studieførebuande utdanningsprogram) eller seks (yrkesfaglege utdanningsprogram) år.

81 prosent av elevane (nasjonalt) som starta på vg1 i 2016 har fullført med studie- eller yrkeskompetanse innan fem år. Av elevane som starta i vidaregåande opplæring i 2016, gjennomførte 81 prosent nasjonalt. For Møre og Romsdal var talet 83 prosent. For Herøy er det samla talet 81,2 prosent. Elevar på studieførebuande utdanningsprogram fullfører i større grad enn elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram. Det er også store forskjellar mellom dei ulike yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Ein del som ikkje fullfører i løpet av fem–seks år, fullfører på eit seinare tidspunkt. Indikatoren er derfor eit mål på effektiviteten til utdanningssystemet, og ikkje eit mål på kor mange som oppnår kompetanse på vidaregåande nivå totalt sett.

[Les meir om gjennomføring på udir.no](#)

Gjennomføring siste tre år:

	Elevar som starta på vgs. i 2014	Elevar som starta på vgs. i 2015	Elevar som starta på vgs. i 2016
Nasjonalt	79,5 %	80,4 %	81 %
Møre og Romsdal	80,5 %	82,8 %	83 %
Herøy		84,0 %	81,2 %

I Herøy var det 18,8 prosent av dei som gjekk ut av grunnskulen i 2016 som ikkje kom seg gjennom vidaregåande skule på normert tid. Forsking viser at desse elevane kjem inn i vidaregåande opplæring med desse sårbarheitsfaktorane:

- svært lesesvake (har ikkje opparbeidd seg kompetanse som funksjonelle lesarar)
- historie med høgt skulefråvær gjennom ungdomsskulen (kan vere etablert allereie i barneskulen)
- fagvanskar / omfattande læreplansvanskar som gjer at dei ikkje greier å følgje læreplanane verken i grunnskulen eller i studieprogramma i vidaregåande skule

Dette er faktorar som er kjende for skulane, og det er utarbeidd rutine for oppfølging av bekymringsfullt elevfråvær. Ulike tiltak blir prøvde, og det er tett dialog med heimane. I tillegg er det tverrfagleg tilnærming i mange saker.



Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga
Foto: Adobe Stock



EI BÅTLENGD FØRE